
Saksnr: 2025/37059-3**Saksbehandlar:** Siri Hanson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
		04.06.2025

Konsesjon - Gjetingsdalen Kraft AS - regulering av Isdalsvatn - Kvinnherad kommune**Forslag vedtak**

1.Vestland fylkeskommune stiller seg i hovudsak bak dei faglege vurderingane som er gjort i miljørapportane, men peikar på at det er knytt usikkerheit til korleis reguleringa av Isdalsvatnet faktisk vil påverke forholda for auren i vassdraget. Det er difor viktig at NVE vurderer dette i den vidare behandlinga, både med omsyn til å sikre bestanden og eventuelt vurdere behov for utsettingspålegg.

2.Det må vidare vurderast om tiltaket vil medføre forringing av økologisk tilstand, særleg gjennom endringar i hydromorfologiske forhold nedstraums tiltaket. Ei jamnare vassføring og utjamning av flaumtoppar kan ha økologiske konsekvensar sjølv om det gjev betre produksjonsforhold for kraft. Dette må vurderast opp mot krava i vassforskrifta § 4, og eventuelt om det ligg føre grunnlag for unnatak etter § 12. 3.

3.Vassføring i elva bør oppretthaldast i størst mogleg grad.

4.Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering då potensiale for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som særst lågt. Dersom det i samband med gravearbeid eller andre tiltak vert avdekkja automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Vestland fylkeskommune som rette dispensasjonsmynde

5.På bakgrunn av tilgjengeleg informasjon om friluftslivsinteressene i området, kan vi ikkje sjå at regulering av Isdalsvatnet vil få vesentlege fonsekvensar for friluftslivsinteresser

Samandrag

NVE har fått søknad frå Gjetingsdalen Kraft AS, datert 08.04.2021, om løyve etter vassressurslova til regulering av Isdalsvatn. Det er knytt usikkerheit til korleis reguleringa av Isdalsvatnet faktisk vil påverke forholda for auren i vassdraget. Det er difor viktig at NVE vurderer dette i den vidare behandlinga, både med omsyn til å sikre bestanden og eventuelt vurdere behov for utsettingspålegg. Vassføring i elva bør oppretthaldast i størst mogleg grad.

Tiltaket vil ikkje få vesentlege fonsekvensar for friluftslivsinteresser. Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering då potensiale for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som særst lågt.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
direktør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

NVE har fått søknad frå Gjetingsdalen Kraft AS, datert 08.04.2021, om løyve etter vassressurslova til regulering av Isdalsvatn. Det vert søkt om passiv regulering av vatnet mellom kote 925,5 og kote 928 (totalt 2,5 m) for å auke produksjonen og utjamne vasstilførselen til Gjetingsdalen og Dalelva kraftverk.

Reguleringa vil føre til færre dagar med start-stopp køyring ved dei to kraftverka, og ei jamnare vassføring på strekninga nedstraums inntaket. Dei to eksisterande kraftverka i Dalelva vil få ein auka produksjon på om lag 0,91 GWh.

Søknaden er send på høyring til ramma partar med høyringsfrist 17.06.2025. Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/8814/V. Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova.

Vedtakskompetanse

Jfr. reglement for folkevalde organ og delegering, har fylkesutvalet vedtakskompetanse til å gje høyring, pkt. 7.

Medverknad

NVE har sendt saka på høyring og fylkeskommunen har innhenta faglege fråsegn internt.

Skildring av tiltaket

Det vert søkt om passiv regulering av vatnet mellom kote 925,5 og kote 928 (totalt 2,5 m) for å auke produksjonen og utjamne vasstilførselen til Gjetingsdalen og Dalelva kraftverk. Reguleringa vil føre til færre dagar med start-stopp køyring ved dei to kraftverka, og ei jamnare vassføring på strekninga nedstraums inntaket. Dei to eksisterande kraftverka i Dalelva vil få ein auka produksjon på om lag 0,91 GWh.

Vurdering

Vestland fylkeskommune viser til søknad datert 08.04.2021 frå Gjetingsdalen kraft AS om konsesjon for regulering av Isdalsvatnet i Kvinnherad kommune, jf. vassressurslova § 8.

Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023-2035, Regional plan for klima 2022-2035 og Regional plan for vassforvalting for Vestland vassregion 2022-2027.

Fornybar energi

Hovudmålet i Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (fornybarplanen) er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping vidare at produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar. Auka produksjon frå fornybare energikjelder vil bidra til kutta klimagassutslepp i Vestland

Retningslinje 36 i fornybarplanen seier at miljømål i vassdrag, fastset i regional plan for vassforvalting, må ligge til grunn i vasskraftprosjekt i Vestland.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor tiltaksområdet. Næraste kulturminne frå nyare tid er Nordalsetra, over 1,5 kilometer sør for Isdalsvatnet. Området rundt Isdalsvatnet er forholdsvis brattlendt med ein del rasmassar langs kantane. Det går ei 300 kV kraftline over vatnet i nord-sør retning. Ei eventuell utbygging med dam ser ikkje ut til å råka kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Ut frå arkivmateriale og flyfoto, samt dei opplysingane som er tilgjengelege er potensiale for funn sers lite. Vurdering og tilråding
Konsekvensvurdering gir ikkje ei fullgod skildring av konsekvensane planlagt tiltak vil ha for kulturminne. Vi kan ikkje sjå at vurderinga er basert på synfaring av arkeolog eller at potensial for

funn av hittil ikkje kjende kulturminne er vurdert av arkeolog, men vi er einig i at potensial for å finne noko i det bratte terrenget er liten. Utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte og vil i liten grad få visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø. Vassføring i elva bør oppretthaldes i størst mogleg grad. Dette bør gå fram som krav i konsesjonen

Friluftsliv

I influensområdet til det planlagde tiltaket er det tre registrerte friluftslivsområde, alle kategorisert som store turområde med/utan tilrettelegging. Regulering av Isdalsvatnet ser likevel ikkje ut til å ha direkte konsekvensar for friluftsliv. I konsekvensvurderinga konkluderast det med at tiltaket berre vil gi små visuelle verknadar og påverknaden på friluftsliv er vurdert å vere ubetydeleg. På bakgrunn av tilgjengeleg informasjon om friluftslivsinteressene i området, kan vi ikkje sjå at regulering av Isdalsvatnet vil få vesentlege fonsekvensar for friluftslivsinteresser

Retningslinje 18 i fornybarplanen seier at det skal stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar

Natur, landskap og biologisk mangfald

Retningslinje 21 i fornybarplanen seier at planlagde tiltak som kjem i konflikt med artar som er "kritisk truga" eller "sterkt truga" (jf.Norsk Raudliste), eller naturtypar og leveområde som Noreg har eit internasjonalt ansvar for, eller er i konflikt med oppfyljing av nasjonale og internasjonale avtalar, ikkje skal få konsesjon.

Retningslinje 23 i fornybarplanen seier at ein skal ein vere restriktive med å gje løyve til reguleringar som inneber endra vasstand eller endra svingingar i høve til dagens situasjon for vatn med hekkande lom. Retningslinje 24 i fornybarplanen seier at det må setjast krav om naudsynt minstevassføring for elver som fungerer som hekkeområde for vintererle eller fossefall. For vintererle er det også viktig å halde skogen langs elva intakt. For fossefall kan oppsetting av eigne reirkasser vere eit avbøtande tiltak der trygge reirplassar forsvinn. Retningslinje 25 i fornybarplanen seier at etablering av røyrgate og anleggsveg ikkje må føre til vesentleg inngrep i naturtypar av stor verdi. Klimaplanen seier at vi vektlegg omsynet til naturen i arealplanlegging, og så langt som råd unngår å øydelegge område som er viktig for biologisk mangfald.

Vassmiljø og fisk

Vestland fylkeskommune spelar inn på bakgrunn av si rolle som vassregionmynde etter vassforskrifta og ansvaret etter forskrift om fysiske tiltak for vassdrag som ikkje førar anadrom laksefisk eller kreps (ansvar for innlandsfisk). Det generelle miljømålet er minimum god miljøtilstand for vassførekomstane våre innan 2027.

Isdalsvatnet og omkransande vassførekomstar

Oppdatert data for enkeltvassdrag (vassførekomstar) skal ligge i databasen Vann-nett. Isdalsvatnet er i Vann-nett ikkje klassifisert som ein innsjø grunna størrelse på vatnet (<0,5 km²), noko som også gjelder Norddalsvatnet lengre nede i vassstrengen. Begge vatna går difor innunder vassførekomsten 046-156-R Dalelva bekkefelt, ein førekomst som strekk seg heile vegen ned til Gjetingsdalen. Denne vassførekomsten er registrert med god økologisk tilstand, men er modellert med ukjent presisjon. Miljørapport for Isdalsvatnet skildrar eit vatn med småvokst, stasjonær aure opp mot 30 cm.

Innlandsfisk

I samband med konsesjonssøknad for Gjetingsdalen kraftverk i 2005 kom Fylkesmannen i Hordaland (no Statsforvaltaren i Vestland) med følgjande samandrag av dei nedre delane av elvestrekninga:

Den råka elvestrekninga har ei aurestamme og har helling og plassering som gjer den verdifull både for biologisk mangfald og som opplevingsobjekt. Ein del av dette vil forsvinne dersom det ikkje blir pålagt ein tilstrekkeleg stor minste vassføring hele året. Restfeltet er ikkje tilstrekkeleg stort eller av ein tilstand som vil gi fast vassføring. Frå Ecofact sine miljørapportar i 2019:

662 Fiskefauna og botnlevende virvelløse dyr

«Fisk: Det er stasjonær ørret i vassdraget og egnede gyteplasser flere steder. Ørreten er småvokst med maksimal størrelse på ca. 30 cm. Den berørte elvestrekningen er ikke anadrom og det er ikke laks eller ål i elva (Anfinn Bakke, grunneier, pers. medd.). To kraftverk stopper fisk fra å gå opp fra sjøen. Elvemusling er ikke kjent fra elva (Hordaland fylkeskommune 2015) og ble ikke observert under befaringen.

En regulering av Isdalsvatnet vil trolig ikke være negativ for ørreten. Det vil trolig bli økt vannføring vinterstid, da behovet av strøm er størst. Dette er den mest kritiske tiden for overlevelsen av ørretens egg. Økt vannføring i denne perioden vil redusere risikoen for at eggene tørker ut, noe som ellers er en trussel i små vassdrag vinterstid. En regulering vil dermed potensielt kunne være positiv for produksjonen av ørretyngel. Dette er imidlertid noe usikkert da det ikke er nærmere kjent hvordan vannregimet vil bli etter en regulering sammenliknet med dagens situasjon. Da størrelsen på ørreten er liten vil økt produksjon av yngel føre til at fisken fortsatt vil være liten eller i verste fall at den vil reduseres ytterligere. Påvirkningen vurderes å være marginalt positiv eller marginalt negativ og settes derfor til ubetydelig.

552. En regulering av Isdalsvatnet vil trolig ikke påvirke ørreten. Den øvre delen av elvestrekningen er bratt og har trolig liten betydning for fisken. Lenger nedstrøms vil endringene være så små at de neppe vil være merkbare for ørreten. For virvelløse dyr i vannet gjelder de samme vurderingene som for fisken. Påvirkningen vurderes å være ubetydelig.»

Vår vurdering er at vi i hovudsak stiller oss bak vurderingane som er gjort i rapportane, men at det er knytt noko usikkerheit til korleis reguleringa faktisk vil påvirke forholda for auren i vassdraget. Regulering av Isdalsvatnet kan potensielt påverka gytetilhøva i vatnet slik at det vert redusert rekruttering og bestand. Det er difor viktig at NVE tek stilling til denne usikkerheita i den vidare behandlinga, både for å sikre bestanden og for å kunne vurdere eventuelt behov for utsettingspålegg.

Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 er vedteken sidan det vart gjeve konsesjon. Planen skildrar korleis vi ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i regionen på lang sikt og i alle sektorar. Planen skal bidra til at vi når måla som følgjer av vassforskrifta. Det er viktig at søkjar og energimynde er oppdaterte på planen og sørgjer for at tiltaka ikkje hindrar at vi når miljømåla i vassdraget.

Vassforskrifta og miljømål

Det er viktig at det vert vurdert om det er fare for at miljøtilstanden vert redusert som følge av tiltaket. Til dømes i kva grad dette vil skape hydromorfologiske endringar i vassdraga nedstrøms tiltaket, eit kvalitetselement for å vurdere økologisk tilstand etter vassforskrifta.

Søknaden nemner at utbygging av dam i Isdalsvatnet vil påvirke dynamikken i vassføringa mellom dam og Gjetingsdalen kraftverk, og at tiltaket vil føre til ei «jamnare vassføring på strekninga nedstraums inntaket». Ei jamnare vassføring og utjamning av flaumtoppar kan gi meir stabil kraftproduksjon, men kan samtidig ha negative konsekvensar for det økologiske mangfaldet og dei naturlege prosessane i elvestrengen.

Det må med andre ord vurderast om tiltaket vil føre til ei forringing av miljøtilstanden i vassførekomstar som vert direkte eller indirekte påverka av tiltaket, og kome i konflikt med § 4 i vassforskrifta. Og i ei eventuell forlenging av det, om det er grunnlag for å gi unnatak etter § 12 i vassforskrifta. Fornybarplanen seier at miljømål i vassdrag, fastset i regional plan for vassforvaltning, må ligge til grunn i vasskraftprosjekt i Vestland (Retningslinje 36)

Konklusjon

Vestland fylkeskommune stiller seg i hovudsak bak dei faglege vurderingane som er gjort i miljørapportane, men peikar på at det er knytt usikkerheit til korleis reguleringa av Isdalsvatnet faktisk vil påvirke forholda for auren i vassdraget. Det er difor viktig at NVE vurderer dette i den vidare behandlinga, både med omsyn til å sikre bestanden og eventuelt vurdere behov for utsettingspålegg.

Det må vidare vurderast om tiltaket vil medføre forringing av økologisk tilstand, særleg gjennom endringar i hydromorfologiske forhold nedstraums tiltaket. Ei jamnare vassføring og utjamning av flaumtoppar kan ha økologiske konsekvensar sjølv om det gjev betre produksjonsforhold for kraft. Dette må vurderast opp mot krava i vassforskrifta § 4, og eventuelt om det ligg føre grunnlag for unnatak etter § 12.

Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering då potensiale for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som særst lågt. Dersom det i samband med gravearbeid eller andre tiltak vert avdekka automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Vestland fylkeskommune som rette dispensasjonsmynde. Vassføring i elva bør oppretthaldast i størst mogleg grad.

På bakgrunn av tilgjengeleg informasjon om friluftslivsinteressene i området, kan vi ikkje sjå at regulering av Isdalsvatnet vil få vesentlege konsekvensar for friluftslivsinteresser